



## ÅRSMELDING FOR AURDAL HISTORIELAG FOR ÅRET 2025

Styret i 2025 har vore:

Leiar: Vigdis Østgård 2025-2027 – (2025-2026 som leiar) - Landbruksreidskap og verktøy

Nestleiar: Erna Jordet 2024-2026 – Medlemshefte og krigsminne

Kasserar: Audun Bratrud 2025-2027 – Gamle kjøretøy

Skrivar: Anne Marit Lien Framnes 2024-2026 – Aslak Olson Lie, bokforvaltar

Styremedlemmer: Jon Bratrud 2025-2027 – Gamle bygg og møblar

Arne Bergmål 2025-2027 - Valdresbanen

Anders Nygård 2025-2027 – Skog og skogsdrift i gamle dagar

Vararepresentant: Wendy Hagebråten 2025-2026

Krigsminnegruppa: Leiar Ronny Opheim. Erna Jordet held kontakta med styret og er skrivar for gruppa.

Valgkomite: Erik Onstad (2025-2027) og Wendy Hagebråten (2025-2027)

Revisor: Lage Westerbø (2025-2027)

Jon Bratrud har representert Aurdal historielag i styret for Stiftelsen Frydenlund, med vara Erna Jordet. Erna Jordet har site i Arbeidsutvalget for Stiftinga. Jon Bratrud har representert Aurdal Historielag i styret for Valdres Historielag.

Laget har i 2025 hatt 70 medlemmer. Vi har i 2025 halde 4 styremøter, samt Årsmøtet.

Krigsminnegruppa har halde 2 møter, men elles kontakt på e-post og tele  
Jon Bratrud har representert Aurdal historielag i styret for Stiftelsen Frydenlund.  
Erna Jordet har site i arbeidsutvalget for Stiftelsen. Jon Bratrud har representert Aurdal Historielag i styret for Valdres Historielag.

Anne Marit Lien Framnes er bokforvalter for Valdres Historielag.

Laget har i 2025 hatt 70 medlemmer. Vi har i 2025 halde 4 styremøter, samt Årsmøtet.

Krigsminnegruppa har halde 2 møter, men elles kontakt på e-post og telefon.

### **Arbeidsprogrammet i 2025:**

- Årsmøtet vart halde 20. mars 2025, på Frydenlund
- Eit info-skriv med arbeidsprogram vart sendt på e-post/lagt i kassene til alle som ikkje har e-post i Aurdal sokn.
- I 2025 hadde vi 85-årsmarkering på kyrkjegarden i Aurdal, der Adolf Andersen vart hedra. Han var den fyrste aurdølen som fall i april-dagane i 1940, som nøytralitetsvakt ved Horten festning, Karljohansvern. *Det vart ei fin markering ved Adolf Andersen si grav på Aurdal kirkegård, kl 9 den 9. april 2025. Då var det akkurat 85 år sidan han fall for Norge, som den fyrste frå Aurdal. Erna hadde eit innlegg der ho gjorde greie for kva som hende. Arne Andersen la ned ein krans, og Nasjonalsongen vart sunge. Erik Onstad og Per Kristen Skaran stilte i uniform og med norske flag.*
- Ordførarane i Valdreskommunane la ned blomar ved minnestøtta over falne ved Aurdal kirke den 8. mai. Tre representantar frå historielaget deltok. Vi møtte også ved minnestøtta over Nils Slåtto i Tisleidalen.
- Det vart også i år lagt ned blomar på Krigsminnestøtta kl 8 den 17. mai. Blomar også på Bolleng-grava og Olav Moe-bautaen. Tre frå historielaget deltok.
- Vi arrangerte Stolpejakt og Geocaching (ei populær, moderne form for turorientering) sommaren 2025. Med stolpane hadde vi godt samarbeid med Nils Asheim. Han har arbeidd med dette på Leira i mange år, og var til god hjelp for oss her. Stolpejakta vart svært godt motteke. Stolpen ved Olav Moe-statua er besøkt ca 1000 gonger og ca 20 på «GEO-catshinga». Det var godt besøk også på dei andre punkta.
- Det vart ein tur oppover Skardsvegen hausten 2025. Geir Bjørnødegård var kjentmann og vi fann staden der heimestyrkane kvitta seg med kontainerane, som var slept frå fly inne på åsen under krigen. No er staden GPS-merka.
- INFORMASJONSTAVLER: Informasjonsskilt om hendingene i Aurdal sokn i april-dagane i 1940 er sett opp i Åbjør og ved Noraker. Knut Werner Hagen har fått utbetalt kr. 20 000,- for sitt arbeid med tavlene. Dette gav han vidare til

Bagnsbergatn. Vi har att noko pengar, og har mogelegheit til å seta opp fleire tavler slik vi hadde søkt Sparebankstiftelsen om i utgangspunktet. Det var Ronny Oppheim som stod for «lay-outen» Knut Werner Hagen har sagt seg villig til fortsatt å hjelpe med fleire tavler,- på Leira og Hjelle.

Merking av Sabotørruta har vi delt i to:

1. GPS-merking av ruta der sabotørane gjekk på ski i 1943. Den startar ved Sør-Aurdal-grensa på Nørdre Fjellstølen og held fram heilt til Etnedal.
2. Turstigar, merking med grønne skilt der det er rimeleg greit å gå den same strekningen. Arbeidet vårt held fram gjennom sommaren.

Når det gjeld skytterstillingane i Aurdal, er Fylket interessert i at dei blir registrert og merka.

Den påtenkte turen til Grini vart sett ut til våren 2026.

### **Styret sitt forslag til arbeidsprogram i 2026:**

Årsmøte i Valdres historielag og Valdres bygdeboknemnd på Valdres folkemuseum, den 23. mars. Vi skal støtte opp om Skrautvål historielag sin «Historie-dag», som frå i år blir arrangert for seg, lenger utpå våren.

Aurdal historielag held fram samarbeidet med krigshistoriker Knut Werner Hagen og representantar for fleire Valdreskommunar om å få anlagt eit Krigshistorisk Landskap i Valdres.

17. mai vil vi som før legge blomar ved minnestøtta over falne kl. 08.00, og ved bautaen til Olav Moe og dyrlege Bolleng si grav.

Vi held fram samarbeidet med Reidun Dølehuset om eit opplegg rundt Åbjøra Mølle, og håpar Reidun kjem seg fort att etter sjukdom!

Historielaget vil få med Nils Asheim og laga til stolpejakt til husmannsplassar o l i år også.

Mona Dalen og Anne Marit Lien Framnes har eit prosjekt der ein skal GPS-merke husmannsplassane i Aurdal og Skrautvål. Bjørn Østgård og Mona Dalen har mykje dokumentasjon om slektene her, som ikkje er med i «Gard og bygd». Håpar på godt samarbeid om dette!

Arne Jørgen Bergmål tek imot informasjon og historier om Valdresbanen og livet rundt den. E-postadresse: [arne.bergmål@icloud.com](mailto:arne.bergmål@icloud.com)

Anders Nygård vil gjerne ha historier og anna som gjeld arbeidet i skogen før i tida e-postadresse: [Anders\\_n@hotmail.no](mailto:Anders_n@hotmail.no)

Aurdal Historielag vil vera medarrangør på julemarkedet på Frydenlund. Det er planen å laga to lagshefter til medlemmene våre, og primus motor Erna lyt engasjere fleire i arbeidet med det!

Sommaropplegg på Frydenlund?

Det blir vårtur med buss til Grini den 6. juni, med buss frå Aurdal kl 11.

Styret, Aurdal  
historielag